

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 14/2021

av 5. februar 2021

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1090 av 24. juli 2020 om godkjenning av L-histidinmonohydrokloridmonohydrat som tilsetjingsstoff i fôrvarer til alle dyreartar⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1091 av 24. juli 2020 om godkjenning av L-treonin som tilsetjingsstoff i fôrvarer til alle dyreartar⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1092 av 24. juli 2020 om endring av gjennomføringsforordning (EU) nr. 1263/2011 med hensyn til godkjenningen av *Lactococcus lactis* (NCIMB 30160) som tilsetningsstoff i fôrvarer til alle dyrearter⁽³⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1094 av 24. juli 2020 om fornya godkjenning av preparatet av *Saccharomyces cerevisiae* MUCL 39885 som tilsetjingsstoff i fôrvarer til purker og om oppheving av forordning (EF) nr. 896/2009 (innehavar av godkjenninga: Prosol S.p.A.)⁽⁴⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 5) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1095 av 24. juli 2020 om endring av gjennomføringsforordning (EU) 2015/502 om godkjenning av preparatet av *Saccharomyces cerevisiae* NCYC R404 som tilsetningsstoff i fôrvarer til melkekyr⁽⁵⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 6) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1096 av 24. juli 2020 om fornya godkjenning av *Saccharomyces cerevisiae* MUCL 39885 som tilsetjingsstoff i fôrvarer til mjølkekyr og hestar og om oppheving av forordning (EU) nr. 1119/2010 (innehavar av godkjenninga: Prosol S.p.A.)⁽⁶⁾ skal takast inn i EØS-avtala.

(1) TEU L 241 av 27.7.2020, s. 1.

(2) TEU L 241 av 27.7.2020, s. 6.

(3) TEU L 241 av 27.7.2020, s. 10.

(4) TEU L 241 av 27.7.2020, s. 15.

(5) TEU L 241 av 27.7.2020, s. 18.

(6) TEU L 241 av 27.7.2020, s. 20.

- 7) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1097 av 24. juli 2020 om godkjenning av luteinrike ekstrakt og lutein-/zeaxantinekstrakt frå *Tagetes erecta* som tilsetjingsstoff i fôrvarer til fjørfe (bortsett frå kalkunar) meinte for slakt eller eggproduksjon og til mindre utbreidde fjørfeartar meinte for slakt eller eggproduksjon⁽⁷⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 8) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1098 av 24. juli 2020 om godkjenning av eterisk kardemommeolje frå *Elettaria cardamomum* (L.) Maton som tilsetjingsstoff i fôrvarer til alle dyreartar⁽⁸⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 9) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1175 av 7. august 2020 om godkjenning av L-cysteinhydrokloridmonohydrat framstilt ved gjæring med *Escherichia coli* KCCM 80180 og *Escherichia coli* KCCM 80181 som tilsetjingsstoff i fôrvarer til alle dyreartar⁽⁹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 10) Gjennomføringsforordning (EU) 2020/1094 opphevar kommisjonsforordning (EF) nr. 896/2009⁽¹⁰⁾, som er teken inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 11) Gjennomføringsforordning (EU) 2020/1096 opphevar kommisjonsforordning (EF) nr. 1119/2010⁽¹¹⁾, som er teken inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 12) Denne avgjerda gjeld føresegner om fôrvarer. Føresegner om fôrvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 13) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I kapittel II i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 2zw (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 1263/2011) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

- **32020 R 1092:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1092 (EUT L 241 av 27.7.2020, s. 10).”

⁽⁷⁾ TEU L 241 av 27.7.2020, s. 23.

⁽⁸⁾ TEU L 241 av 27.7.2020, s. 28.

⁽⁹⁾ TEU L 259 av 10.8.2020, s. 6.

⁽¹⁰⁾ TEU L 256 av 29.9.2009, s. 6.

⁽¹¹⁾ TEU L 317 av 3.12.2010, s. 9.

2. I nr. 129 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2015/502) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32020 R 1095**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1095 av 24. juli 2020 (EUT L 241 av 27.7.2020, s. 18).”

3. Etter nr. 349 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1033) skal nye nummer lyde:

”350. **32020 R 1090**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1090 av 24. juli 2020 om godkjenning av L-histidinmonohydrokloridmonohydrat som tilsetjingsstoff i fôrvarer til alle dyrearter (EUT L 241 av 27.7.2020, s. 1).

351. **32020 R 1091**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1091 av 24. juli 2020 om godkjenning av L-treonin som tilsetjingsstoff i fôrvarer til alle dyrearter (EUT L 241 av 27.7.2020, s. 6).

352. **32020 R 1096**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1096 av 24. juli 2020 om forny godkjenning av *Saccharomyces cerevisiae* MUCL 39885 som tilsetjingsstoff i fôrvarer til mjølkekyr og hestar og om oppheving av forordning (EU) nr. 1119/2010 (innehavar av godkjenninga: Prosol S.p.A.) (EUT L 241 av 27.7.2020, s. 20).

353. **32020 R 1097**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1097 av 24. juli 2020 om godkjenning av luteinrike ekstrakt og lutein-/zeaxantinekstrakt frå *Tagetes erecta* som tilsetjingsstoff i fôrvarer til fjørfe (bortsett frå kalkunar) meinte for slakt eller eggproduksjon og til mindre utbreidde fjørfeartar meinte for slakt eller eggproduksjon (EUT L 241 av 27.7.2020, s. 23).

354. **32020 R 1098**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1098 av 24. juli 2020 om godkjenning av eterisk kardemommeolje frå *Elettaria cardamomum* (L.) Maton som tilsetjingsstoff i fôrvarer til alle dyrearter (EUT L 241 av 27.7.2020, s. 28).

355. **32020 R 1175**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1175 av 7. august 2020 om godkjenning av L-cysteinhydrokloridmonohydrat framstilt ved gjæring med *Escherichia coli* KCCM 80180 og *Escherichia coli* KCCM 80181 som tilsetjingsstoff i fôrvarer til alle dyrearter (EUT L 259 av 10.8.2020, s. 6).”

4. Teksta i nr. 1zzzzzk (kommisjonsforordning (EF) nr. 896/2009) og 2r (kommisjonsforordning (EU) nr. 1119/2010) opphevast.

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2020/1090, (EU) 2020/1091, (EU) 2020/1092, (EU) 2020/1094, (EU) 2020/1095, (EU) 2020/1096, (EU) 2020/1097, (EU) 2020/1098 og (EU) 2020/1175 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 6. februar 2021, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 5. februar 2021.

For EØS-komiteen

Clara Ganslandt

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.